



Innst. S. nr. 109

(2008–2009)

Innstilling til Stortinget frå justiskomiteen

St.prp. nr. 20 (2008–2009)

Innstilling frå justiskomiteen om endring i statsbudsjettet for 2008 under Justis- og politidepartementet (drift av redningshelikoptertenesta)

Til Stortinget

SAMANDRAG

I stortingsproposisjonen legg Justisdepartementet fram forslag til styrking av redningshelikoptertenesta.

I St.prp. nr. 1 (2007–2008) blei redningshelikoptertenesta styrkt med om lag 160 mill. kroner til drift og investeringar i samband med etablering av tilstadevakt ved redningshelikopterbasane på Ørland og Rygge, etablering av ny redningshelikopterbase i Florø, auka vedlikehaldskostnader og vidareføring av prosessen for kjøp av nye redningshelikopter. Forsvarsdepartementet har gjort ein ny gjennomgang av kostnadane til redningshelikoptertenesta. Denne viser ytterlegare auka kostnader for å kunne oppretthalde redningshelikoptertenesta på det nivået som er vedtatt. Som fylje av dette har redningshelikoptertenesta i handsaminga av St.prp. nr. 59 (2007–2008) blitt tilført ytterlegare 15 mill. kroner til drift i 2008, jf. Innst. S. nr. 270 (2007–2008).

Likevel er det for 2008 framleis nødvendig å styrkje driftsbudsjettet til redningshelikoptertenesta for å oppretthalde aktiviteten samt fortsette planen med oppstart av ny redningshelikopterbase i Florø slik at beredskapen for kysten med stor oljerelatert verksemd og mykje fiskeriaktivitet kan verte betre. Prognosane på drift pr. 1. august 2008 inneber at drifta må styrkjast med 33,75 mill. kroner i 2008 dersom ikkje tilbodet skal reduserast.

Justisdepartementet legg derfor med dette fram følgende endringsforslag til drift av redningshelikoptertenesta:

Kap. 455 Redningstenesta

Post 1 Driftsutgifter

Posten dekker bl.a. utgifter til den offentlege redningshelikoptertenesta, inklusiv tilstadevaktordninga.

Prognosane på drift pr. 1. august 2008 inneber at drifta må styrkjast med 33,75 mill. kroner i 2008 for å kunne oppretthalde redningshelikopterberedskapen. Justisdepartementet foreslår derfor å auke kap. 455 post 1 med 33,75 mill. kroner.

MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, leiaren Anne Marit Bjørnflaten, Thomas Breen, Ingrid Heggø og Hilde Magnusson Lydvo, frå Framstegspartiet, Jan Arild Ellingsen, Solveig Horne og Morten Ørsal Johansen, frå Høgre, Elisabeth Aspaker og André Oktay Dahl, og frå Sosialistisk Venstreparti, Akhtar Chaudhry, er nøgd med tilleggsløyvinga til redningshelikoptertenesta på 33,75 mill. kroner. Komiteen er kjend med at denne posten vart styrka med 160 mill. kroner i St.prp. nr. 1 (2007–2008) og med 15 mill. kroner i St.prp. nr. 59 (2007–2008), jf. Innst. S. nr. 270 (2007–2008). Dette var til drift og investering i samband med at ein har fått på plass tilstadevakt også på Rygge og Ørlandet, etablering av ny redningshelikopterbase i Florø, auka vedlikehaldskostnader og vidareføring av prosessen for kjøp av nye redningshelikopter.

Komiteen har merka seg at Forsvarsdepartementet i samarbeid med Justisdepartementet er samde om å nytte eksisterande kaserner på Rygge og Ørlandet, og at ein har gått bort frå plashangar i Florø. Komiteen er også kjend med at det vert forbigåande løysingar til innkvarteringsbygga er ferdigstilte i Florø.

Vidare er komiteen kjent med kravet til flygetid for mannskapet. Komiteen vil påpeike kor viktig det er å få på plass nye helikopter raskt, då vi ser at vedlikeholdskostnadane ved dei gamle helikoptera aukar monaleg. Komiteen vil gje ros for at Regjeringa har fått på plass tilstedevakt med lege ved alle redningsstasjonane, og at arbeidet med etablering av Florøbasen, som også får tilstedevakt, er igangsett, og delar fullt ut Regjeringa sitt syn på at det er viktig at tilbodet ikkje vert redusert.

Komiteens medlemmer fra Framskrittspartiet og Høyre vil i all hovedsak gi Regjeringen ros for å holde fokus på redningstjenesten. At Regjeringen får på plass basen på Vestlandet, at samtlige baser får tilstedevakt og at lege blir en fast del av det operative crewet, er etter disse medlemmers syn en selvfølge, siden det var Stortingets vedtak, fattet 16. mai 2002, jf. Innst. S. nr. 156 (2001–2002).

Disse medlemmer vil videre tillate seg å påpeike at en samlet komité i samme innstilling uttalte:

"Siden dagens flåte av redningshelikopter er blitt svært gammel ber komiteen om at disse fases ut innen 2008, dersom det lar seg gjøre produksjonsmessig."

Disse medlemmer tar til etterretning at verken regjeringen Bondevik II eller dagens regjering har vist interesse for, eller maktet å følge opp, denne føringen fra et samlet storting. Tvert imot har denne prosessen pågått i mer enn 6,5 år siden vedtaket ble fattet, og pr. i dag er ingen kjent med når et endelig vedtak kan fattes.

Disse medlemmer mener dette er kritikkverdigg, spesielt av hensyn til tjenestens kvalitet og de som har behov for bistand. Videre fører dette til en vesentlig økning i vedlikeholds- og driftsutgiftene innen redningshelikoptertjenesten.

Disse medlemmer viser i så henseende til svar fra justisminister Storberget av 2. desember 2008, hvor det fremkommer at vedlikeholdskostnadene utgjør ca. 75 pst. av de totale driftskostnadene pr. flytime.

Disse medlemmer tar også inn over seg at Regjeringen endret Stortingets forutsetning ved å la Forsvaret få driftsansvaret for den nye basen på Vest-

landet. Det oppfattes som om at dette ville bidra til økt kvalitet på tjenesten, uten at disse medlemmer kan se at det er dokumentert. Likeledes at dette politiske grepet fører til at man nå må legge en enda større bevilgning på bordet for at det skal være mulig.

Disse medlemmer antar at skifte av operatør på den nye basen var en form for kompensasjon, fordi Justisdepartementet ikke ønsket å fortsette i retning av "enhetshelikoptertanken". Med andre ord at skifte av helikopter ble erstattet med et nytt driftsoppdrag for Forsvaret.

Disse medlemmer vil hevde at en sivil operatør på den nye basen ville ha vært positivt. Det som nå skjer er at man får et monopol, noe disse medlemmer er svært skeptiske til, uavhengig av om det er et offentlig eller privat monopol. En privat operatør ville ha vært et driftsmessig og faglig referansepunkt opp mot Forsvarets drift. Videre ville det ha vært en forutsetning at man skulle ha operert under de samme krav som Forsvaret; at det redningsfaglige skulle ha hovedfokuset.

Disse medlemmer slutter seg til de vurderinger som ble lagt til grunn i St.meld. nr. 44 (2000–2001), som ble fremmet av regjeringen Stoltenberg I. I meldingen uttalte regjeringen blant annet:

"Forsvaret bør ikke yte bistand til det sivile samfunn der oppgavene kan løses like godt av frivillige eller kommersielle aktører, eller der dette kan fortrengte kommersielle interesser."

Komiteens medlemmer fra Framskrittspartiet viser til at Norges sannsynligvis mest kompetente fagmiljø innen helikopterbransjen finnes i Rogaland, hvor blant annet hovedkontorene til CHC helikopterservice og Norsk Helikopter finnes. Disse utfører et svært stort antall flygninger til norske offshore-installasjoner, og mange av pilotene her har tidligere vært ansatt i Forsvaret. Disse medlemmer går derfor ut fra at også disse selskapene kunne utført en tilfredsstillende tjeneste.

Når det gjelder valg av nye redningshelikopter vil disse medlemmer likevel gi honnør til Justisdepartementet for at man faktisk valgte å prioritere et redningsfaglig fokus når det gjelder valg av nytt redningshelikopter. Noe annet ville ha vært å ikke ta på alvor hvor viktig redningstjenesten egentlig er.

Disse medlemmer mener at enhetshelikopteret NH 90 ikke fullt ut ville ha gitt en optimal redningstjeneste. Videre vil disse medlemmer hevde at Forsvaret allerede har en avtale om kjøp av NH 90, og at de første skulle vært levert i løpet av 2004–2005. Så vidt disse medlemmer er kjent med finnes det selv ikke i dag et eneste norsk NH 90-helikopter, selv om det er gått 4 år siden de første skulle vært levert.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti, vil påpeike at årsaken til at ein valde å gå vekk frå opsjon på NH 90, var redningsfagleg begrunna. Fleirtalet viser òg til at innkjøp av nye redningshelikopter er under arbeid, og tek sikte på at nye helikopter skal innfasast i perioden 2011–2014.

Komiteens medlemmer fra Framskrittspartiet viser til Innst. S. nr. 104 (2008–2009) og forslag fremmet i finanskomiteen om å bevilge 4 mill. kroner ekstra til redningstjenesten, nærmere bestemt Hovedredningssentralen Sør-Norge. Bevilgningsforslaget er merket "kan overføres". Disse medlemmer mener det er svært viktig at redningstjenesten ikke blir rammet av for små bevilgninger og er av den oppfatning at det vil være uheldig dersom noe av driften må innstilles på grunn av økonomiske problemer. For øvrig viser disse medlemmer til brevet som er sendt fra Hovedredningssentralen Sør-Norge til Justisdepartementet, hvor det redegjøres for denne problemstillingen.

Avslutningsvis vil disse medlemmer på det sterkeste oppfordre Regjeringen til snarest mulig å få ut anbudet på levering av nye redningshelikoptere.

Nettopp helikoptrene er det avgjørende verktøyet, sammen med mannskapene, når det står om sekunder for å redde liv. I så måte fortjener redningstjenesten all mulig støtte og fokus.

Komiteens medlemmer fra Framskrittspartiet og Høyre har med bekymring registrert at prosessen med anskaffelse av nye redningshelikoptre trekker ut i tid, og at levetiden for dagens redningshelikoptre stadig forlenges. Disse medlemmer vil derfor understreke viktigheten av at man har utstyr og ressurser som fungerer tilfredsstillende, og viser til at 330-skvadronen i forbindelse med redningsaksjoner har store problemer med å få de eksisterende varmesøkende kameraene til å fungere. Det utføres ofte redningstjenester i ekstreme vær-situasjoner med svært lite dagslys, og manglende funksjonelt utstyr kan medføre at redningsoperasjoner kompliseres og at menneskeliv kan settes i fare. Disse medlemmer viser i denne sammenhengen til sitt forslag i St.prp. nr. 1 (2008–2009):

"Stortinget ber Regjeringen komme tilbake med forslag til midlertidig løsning på problemene med manglende funksjonelt utstyr i redningshelikoptrene, senest i Revidert nasjonalbudsjett for 2009."

TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2008 blir det gjort følgjande endring:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
455		Redningstenesta	
	1	Driftsutgifter, blir auka med fra kr 460 827 000 til kr 494 577 000	33 750 000

Oslo, i justiskomiteen, den 9. desember 2008

Anne Marit Bjørnflaten
leiar

Ingrid Heggø
ordførar

